

Årsmelding for Folkekulturforbundet 1999

1.

1.1 Innleiing.

1.2 Innleiing.

Det er i det enkelte lokalmiljø aktiviteten i medlemsorganisasjonane i Folkekulturforbundet skal synast. Studiearbeidet er ein reiskap for å vidareutvikle og vidareføre den kompetansen og dei verdiane medlemsorganisasjonane står for. I 1999 har vi vore involvert i ulike utviklingsprosjekt. Samarbeidet med Bygdefolkets Studieforbund, studieforbundet natur&miljø og studieforbundet Populus for å styrke den lokale læringsarenaen er eit viktig arbeid for å gjere synleg den kursaktiviteten som lokallaga står for.

I eit samarbeid med andre studieforbund, både lokalt og sentralt, kan medlemsorganisasjonane nå nye grupper med opplæringstilboda. I eit samarbeid skal medlemsorganisasjonane ha det faglege arbeidet og ansvaret, medan Folkekulturforbundet skal ta ansvar for tilrettelegging, marknadsføring og det andre organisatoriske arbeidet.

Skal Folkekulturforbundet kunne markere seg både sentralt og lokalt i framtida, må vi utvikle eit forpliktande samarbeid med andre studieforbund, elles kan vi lett bli borte mellom dei store aktørane. Konkurransen om merksemda er stor, men med eit aktivt samarbeid med andre i samme situasjonen, trur vi den læringa som skjer i frivillige organisasjonar kan blir meir synleg og attraktiv. Dette prosjektet held fram til 2001, og kanskje får vi innan den tid sjå resultat av samarbeidet.

I 1999 nådde vi godt over målet om å auke studieaktiviteten til 95.000 timar. Sluttresultatet vart 98.626 studietimar. Nye medlemsorganisasjonar kom til, og særleg HATS tilførde Folkekulturforbundet mange timar.

Dei har solid og stabil kursverksemd og tek med seg gode tradisjonar som resten av studieforbundet kan nyte godt av.

Folkekulturforbundet er stort sett på plass med eigne fylkesledd i alle fylke, informasjonsrutinane fungerer og vi har ein jamn vekst i studietimetallet.

Utvikling av høgskule/ universitetsstudiet innan draktfaget er og` eit spennande prosjekt. No når bunadtilverking er godkjend som lærefag er der naturleg at det også finst eit studie på høgare nivå innan faget. I samarbeid med Bunad- og folkedraktrådet på Fagernes og Universitetet i Bergen ligg det no føre framlegg til fagplanar og ei skisse til korleis dette deltidsstudiet kan gjennomførast.

Vegen vidare bør vere både å styrke fagkunnskapen og aktiviteten i medlemsorganisasjonane, men også at Folkekulturforbundet sjølv kan bli ein aktør innanfor vaksenopplæring. Gjennom betre samarbeid både i fylka og i lokalsamfunnet, bør det vere mogleg å tilby fleire kurs innan eit større spekter enn det medlemsorganisasjonane har kompetanse innanfor.

Jarle Tømmerbakke
styreleiar

1.2 Visjon

Folkekulturforbundet byggjer verksemda si på desse grunnprinsippa:

VISJON :

Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap.

VERKSEMDSIDÉ:

Folkekulturforbundet skal organisere og leggje tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane, innafor ramma av Lov om Vaksenopplæring.

GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP:

Folkekulturforbundet set det skapande mennesket i sentrum ved å leggje til rette for:

- personleg utvikling og læring på eigne premissar
- oppleving av levande kulturtradisjonar
- medvit om mennesket som ein del av ein økologisk heilskap
- erfaring med demokratisk organisasjonserfaring

2. MEDLEMMER

2.1 Medlemsorganisasjonar.

Forbundet KYSTEN, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Landslaget for Lokalhistorie, Kringkastingsringen og Hålogaland Amatørteaterselskap.

FKF har samarbeidsavtale med Norges museumsforbund.

3. ORGANISASJON

3.1 Representantskapet :

Vedtektene til Folkekulturforbundet vart endra på årsmøtet 1999, ei av endringane var å leggje ned representantskapet med faste valde medlemmer. Medlemsorganisasjonane oppnemner no sine representantar framfor kvart årsmøte.

Forbundet KYSTEN:	Mai 98 – mai 99
Medlem	Grethe Rønning
Varamedlem	Arne Hole
Noregs Mållag	
Medlem	Grete Riise
Varamedlem	
Noregs Ungdomslag	
Medlem	Sven Ivar Skodjevåg
Medlem	Heidi Grymyr
Medlem	Sverre Valdal
Varamedlem	Ola N. Strand
Varamedlem	
Norges Husflidslag	
Medlem	Anne Dalheim
Medlem	Inger Øyre Sandal
Medlem	Berit Storli
Medlem	Vesla Schau
Varamedlem	Svein Rød
Varamedlem	Målfrid Husebø
Varamedlem	Kari Lothe
Varamedlem	Tone Gro Hugin

3.2 Årsmøtet i representantskapet

Årsmøtet i representantskapet vart halde 07.05.99 i Kirkegata 32 i Oslo. Det møtte 11 representantar med røysterett frå organisasjonane, 5 frå styret, 1 frå valnemnda og 3 frå kontoret. Som innleiar kom Eirik Tveiten frå KUF som snakka om "Kompetansereformen, kva no?"

Årsmøtet handsama desse sakene:

- Sak 1. Opning og konstituering
- Sak 2. Årsmelding 1998
- Sak 3. Rekneskap 1998
- Sak 4. Søknader om medlemskap
- Sak 5. Strategi- og verksemdsplan 2000
- Sak 6. Budsjett 2000, med fastsetjing av kontingent
- Sak 7. Justering av vedtektene
- Sak 8. Val

Representantskapet:

	Mai 98 / mai 99
Ordfører	Grethe Rønning (FK)
Varaordførar	Sverre Valdøl (NU)

3.3 Styret i perioden 1.1.99 – 07.05.99

Jarle Tømmerbakke (NU) leiar
Solveig Torgersen (NH) nestleiar
Per Hillesund (FK) styremedlem
Tove Gulsvik (NH) styremedlem
Ann Lisbeth Ertresvåg (NM) styremedlem

Ole Jørgensen (NU) 1. varamedlem
Vidar Omstad (FK) 2. varamedlem
Torill Kjelstrup Nymo (NH) 3. varamedlem

07.05.99 – 31.12.99

Jarle Tømmerbakke (NU) leiar
Solveig Torgersen (NH) nestleiar
Per Hillesund (FK) styremedlem
Tove Gulsvik (NH) styremedlem
Wenke Seloter (HATS) styremedlem

Vidar Lund (NM) 1. varamedlem
Ole Jørgensen (NU) 2. varamedlem
Jostein Molde (LLH) 3. varamedlem
Grethe Rønning (FK) 4. varamedlem
Inger Ø. Sandal (NH) 5. varamedlem

Styret har hatt 7 styremøter og handsama 59 saker.

Også dette året har arbeidet i styret vore prega av utviklingsarbeid, søknader om medlemskap og å trekke linene framover. "Kompetansereform" vart vedteken i Stortinget, noko som tilsynelatande vil prege dei statlege prioriteringane framover. Styret har vore oppteke av å finne gode måtar å byggje studieforbundet på slik at vi skal vere i stand til både å påta oss nye oppgåver og å bli betre innanfor dei tradisjonelle områda organisasjonane arbeider på.

4. KONTORET

4.1 Lokalisering

Kontoret har adresse Kirkegata 32 i Oslo.

4.2 Personale

I 1999 har desse personane vore tilsette:

Dagleg leiar Kjærsti E. Gangsø

Studiekonsulent: Jan Heier Gulbrandsen

Studiekonsulent: Sølvi Brække

Kontormedarbeidar: Lill Hildonen (4 timar per veke)

4.3 Arbeidsoppgåver

Folkekulturforbundet har ansvaret for all søknadshandsaming og utbetaling. Utover dette er opplæring og informasjon om vo-systemet gjennom medarbeidersamlingar dei viktigaste arbeidsoppgåvene for kontoret. FKF prioriterer også kontakt med studieleiarane i organisasjonane for å motivere laga til å arrangere kurs og kontakt med medlemsorganisasjonane sentralt for å motivere og samarbeide om utvikling av gode kurstilbod.

4.4 Materiell

Folkekulturforbundet har dette materiellet i 1999

- informasjonsbrosjyre
- fylkesheftet: oppgåver og ansvar i fylkesledda
- standard skjema for oppsett av studieplanar
- vegvisar til vaksenopplæring, informasjonshefte om regler og forskrifter
- søknadsskjema
- studieplanhefte (oversikt over sentralt godkjende studieplanar)
- avtaleskjema for kurslærarar
- evalueringsskjema
- rettleiing og skjema til kurs for særlege målgrupper
- studieplanen "Nordisk Kystkultur"

5. AKTIVITET 1999

5.1 Tilskot frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF):

Opplæring kr. 6.405.600

Administrasjon kr. 2.030.200

Om lag 1 million av dei statlege tilskotta blir fordelte attende til medlemsorganisasjonane sitt faglege arbeid. Desse midlane blir fordelte etter den vanlege delingsmodellen.

5.2 Deling av økonomiske midlar

Folkekulturforbundet byggjer økonomien sin på ein delingsmodell. I denne modellen blir det rekna ut prosentdeling mellom organisasjonane. Gjennomsnittleg studietimetall dei tre siste åra er bakgrunnsmateriale for utrekninga. For 1999 var delinga slik:

NH	55,80 %
NU	34,87 %
HATS	8,09 %
FK	0,31 %
NM	0,93 %

Grunnlag for delingsmodellen:

	1995	1996	1997	Sum	%
Norges Husflidslag	55 443	55 699	55 266	166 408	55,80
Noregs Ungdomslag	39 183	32 232	32 562	103 977	34,87
Hålogaland Amatørteaterselskap	7 564	6 796	9 776	24 136	8,09
Noregs Mållag	1 142	580	1 047	2 769	0,93
Forbundet KYSTEN	0	0	936	936	0,31

Aktivitet 1999 (timetall)

Samla studietimetall	1998	1999
Folkekulturforbundet	66	274
Forbundet KYSTEN	2.639	2.131
Hålogaland Amatørteaterselskap (1998 i SNV)	8.023	8.130
Landslaget for lokalhistorie	12	99
Noregs Mållag	755	1.300
Noregs Ungdomslag	26.105	29.460
Norges Husflidslag	57.189	57.214
Kringkastingsringen	0	18
Sum	94.789 (86.766)	98.626

Den registrerte studieaktiviteten i FKF var i 1997 86.766, i utrekningsgrunnlaget tek vi med dei timane HATS gjennomførde i eit anna studieforbund og som er overførde til FKF frå 01.01.99.

Nr	Fylke	Tal kurs	Deltakarar Menn	Deltakarar Kvinner	Tal timar m/lærar*	Tal timar u/lærar*)	Utbetalt av ramma frå KUF til studiearbeid
01	Østfold	97	187	606	1788	1016	157630
02	Akershus	423	460	2600	8212	3381	684370
03	Oslo	196	715	1367	3992	785	701960
04	Hedmark	196	217	1185	4212	1716	348030
05	Oppland	75	84	423	1828	425	138278

06	Buskerud	55	41	341	1087	443	90465
07	Vestfold	118	58	772	3873	282	278704
08	Telemark	67	187	415	1892	305	139738
09	Aust-Agder	175	395	1111	5819	199	411020
10	Vest-Agder	89	226	531	2277	504	173795
11	Rogaland	148	307	941	2822	663	217340
12	Hordaland	347	1021	2010	8134	1870	621305
14	Sogn- og Fjordane	129	326	724	2448	1195	209480
15	Møre og Romsdal	179	464	1001	4519	1290	347775
16	Sør-Trøndelag	149	304	889	3339	1295	273225
17	Nord-Trøndelag	127	299	722	3235	965	253113
18	Nordland	313	756	1796	7004	2909	574122
19	Troms	292	721	1654	8924	2656	698073
20	Finnmark	59	131	368	1250	72	87675
21	Svalbard						
	SUM	3234	6846	19456	76655	21971	6406100

5.4 Pedagogiske utviklingsmidlar (KUF)

Forbundet KYSTEN fekk pedagogiske utviklingsmidlar til prosjektet "Dokumentasjon av opplæring, utvikling av studieplanar"

Kr. 75.000,- Prosjektet har vore 3-årig og er no avslutta. Siste del av dette prosjektet gjekk ut på å dokumentere "handboren kunnskap", som ofte er kunnskap den aktive dugnadsdeltakaren sitt inne med. FK har arbeidd med å finne metodar på korleis denne kunnskapen kan dokumenterast.

5.5 Særlege målgrupper (KUF)

Folkekulturforbundet fekk kr. 35.000 til utvikling av motivasjonsmateriell. Midlane er brukte til å utvikle eit temahefte for å motivere kursarrangørar til å gjere kursa tilgjengelege og å utvikle betre informasjonsmateriell slik at laga skal kjenne til ordninga med § 24-midlar.

Tilskot til toppfinansiering av tiltak for personar med ulike opplæringshindringar.

FKF fekk tilskot på kr. 60.000,- og rapporterte for kr.60.890.

Desse lokallaga fikk tilskot i 1999:

Hemne Husflidslag

Oslo Fylkeshusflidslag

Støren Husflidslag

Bondeungdomslaget i Stavanger

Søgne Ungdomslag

UL Komsa

Lindås UL

5.6 Forskinga- og utviklingsmidlar (KUF).

**”Opplæringspolitisk analyse” og ”Metodiske innfallsvinklar til handverksopplæring”,
til saman kr. 202.000,-**

Prosjekta drives gjennom samarbeidet i det nordiske prosjekt ”Nordisk Handverksforum” og er den norske delen av det nordiske prosjektet. Målet er å analysere formell, informell og uformell handverksopplæring og foreslå tiltak i Noreg. I 1999 vart det m.a. gjennomført møte med andre studieforbund med tanke på felles oppfølging i 2000. 2000 er tredje og siste år for desse prosjekta.

”Samarbeid for å styrke den lokale læringsarena.” Kr. 150.000

I samarbeid med Bygdefolkets Studieforbund, Studieforbundet natur & miljø og Studieforbundet Populus søkte FKF om midlar til eit fellesprosjekt.

Målet med prosjektet er å gjere kursa våre meir tilgjengelege for deltakarane – og skape eit lokalt samarbeid som gjer det enklare for medlemsorganisasjonane våre å arrangere kurs ut i frå lokale behov. Prosjektet går over 3 år og starta i 1999.

I 1999 kom det i stand samarbeid i 3 kommunar; Levanger, Karmøy og Eidsberg.

Representantar for desse kommunane vart samla til seminar i Oslo, og representantar frå studieforbunda har vore med på lokale motivasjonsmøte.

” Høgskulestudiet drakt og samfunn” kr. 120.000

Målet med prosjektet er å utvikle eit høgskule/universitetsstudie innan temaet drakt .I samarbeid med Universitetet i Bergen og Bunad- og folkedraktrådet er det utarbeidd framlegg til fagplan og ulike former for drift av eit slikt studie. Prosjektet blir avslutta vinteren 2000, med mål å lyse ut studiet hausten 2000.

5.7 Medarbeidarkurs

Medarbeidarkurs/møte der kontoret stillte med informasjon / kursleiar:

Norges Husflidslag:

Akershus HL

Telemark HL

Vestfold HL

Oslo HL

Nordland HL

Noregs Ungdomslag:

BLS, Oslo

Hordaland UL

Nordland UL

BUL Sarpsborg

Noregs Mållag:

Norsk Målungdom sommarleir

Forbundet KYSTEN:

Hordaland Fylkeskystlag

HATS:

Hålogaland Amatørteaterselskap, Tromsø

Landslaget for lokalhistorie:

Agder Historielag
Fellesrådet for Historielag i Oslo

Folkekulturforbundet:

FKF Nord-Trøndelag
FKF Troms
FKF Sør-Trøndelag
FKF Telemark

5.8 Reisestipend

FKF mottok 10 søknader om reisestipend som vart sende vidare til Voksenopplæringsforbundet. Desse mottok tilskot:
Rita Vistad (Vev / India)
Berit Krogh (Språk / Marokko)
Johan Einar Bjerkem (Folkedans / USA)
Isolde Garm (Ull / Finland)
Torunn Hernes Bjerkem (Folkedans / USA)

6. FYLKESLEDDA

6.1 Fylkesorganisering

Forskriftene til Lov om voksenopplæring stiller krav om at studieforbunda må ha fylkesorganisering/tilknytning i minimum 10 fylke. FKF har vald å organisere fylkeseiningar etter fylkesgrensene.

Fylkesledda fungerer ulikt, men mange har gjennomført medarbeidaropplæring og/eller andre samarbeidsprosjekt. Vi har no kontaktpersonar i alle fylke, sjølvom det ikkje er eit fungerande FKF-fylkesledd overalt. For sentralleddet har oppgåva med å utvikle et fylkeshefte for å informere om mål og meining med fylkesledda og debatten om korleis vi skal løyse kontingentspørsmålet vore hovudsakene.

6.2 Fylkeskontaktar

Finnmark	Kirsti S. Nilsen	Norges Husflidslag
Troms	Torgrunn Andreassen	Norges Husflidslag
Nordland	Britt Unni Bjerkestrand	Noregs Ungdomslag
Nord Trøndelag	Morten Kluken	Noregs Mållag
Sør Trøndelag	Berit Storli	Norges Husflidslag
Møre og Romsdal	Geir Sandvik Hjelen	Forbundet KYSTEN
Sogn og Fjordane	Hallvar Julseth	Noregs Ungdomslag
Hordaland	Toril Velure	Norges Husflidslag
Rogaland	Anne Holt Larsen	Norges Husflidslag

Vest Agder	Dag Olav Hagen	Noregs Ungdomslag
Aust Agder	Petter Tveranger	Norges Husflidslag
Telemark	Terje Mikkelsen	Noregs Ungdomslag
Vestfold	Ragnhild Rognstad	Norges Husflidslag
Østfold	Ole Jørgensen	Noregs Ungdomslag
Buskerud	Kjell Olav Grøndalen	Noregs Ungdomslag
Hedmark	Inger N. Hensvold	Noregs Ungdomslag
Oslo	Per Erlend Midtbø	Forbundet KYSTEN
Oppland	Harald Midtsund	Norges Husflidslag
Akershus	Björg Rinden	Norges Husflidslag

6.3 Fylkessamling

26.-28.februar arrangerte Folkekulturforbundet fylkessamling for representantar frå fylka. Samlinga vart arrangert på Norges Husflidslag sitt kurscenter på Holmen Gård i Gjerstad i Aust-Agder.

Det møtte 18 frå 15 fylke. I tillegg møtte 4 representantar frå medlemsorganisasjonane / styret i FKF og 1 frå kontoret.

Samlinga var konsentrert rundt desse tema:

- bakgrunnen for etableringa av FKF
- informasjon om medlemsorganisasjonane og studiearbeidet deira
- fylkesledda si rolle
- tilhøvet til fylkeskommunen
- Gjester: Hans Petter Andresen (Vofo), Unni Ramsvatn (Vofo Agder), Laila Øygarden (varaordførar i Aust-Agder fylkeskommune)

7. VOKSENOPPLÆRINGSFORBUNDET (Vofo)

7.1 Vofo sentralt

Folkekulturforbundet er aktivt med i arbeidet i paraplyorganisasjonen og var i 1999 med på mange møte, samlingar, utval og prosjektgrupper i regi av Vofo.

Kjærsti E. Gangsø vart på årsmøtet mai 99 vald inn som styremedlem i Vofo.

7.2 Vofo i fylka

Folkekulturforbundet sentralt sender ut årsmelding og annan aktuell informasjon til Vofo sitt fylkesledd. Utover dette har vi framleis for dårleg oversyn over arbeidet og innsatsen frå "våre" inn mot Vofo i fylka.

8 NORDISK SAMARBEID

8.1 Föreningen Nordisk Vuxenopplysning (FNV).

Folkekulturforbundet er medlem i Föreningen Nordisk Vuxenopplysning (FNV).

Dei andre norske medlemmene er:

Bygdefolkets Studieforbund

Senterpartiets Studieforbund

Venstres Opplysningsforbund

Gjennom FNV får vi tilbud om kurs og seminar i nordisk regi. I styringsstrukturen er Norge representert slik:

Styremedlem 1998 -99: Ann Mari Leirfall, Senterpartiets Studieforbund

Varamedlem 1998 -99: Kjærsti E. Gangsø, Folkekulturforbundet

Folkekulturforbundet tok gjennom FNV initiativet til å sette i gang et nordisk kystkulturprosjekt. Per Hillesund, frå FKF var medlem i styringsgruppa for prosjektet, som fekk økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd. I samband med prosjektet vart det utvikla eit studiehefte med tittel; "Nordisk Kystkultur".

FKF hadde prosjektleiing for seminaret "Lokal Agenda 21 och kulturfrågorna". Seminaret vart gjennomført på Gran (Hadeland) 28-30.05.99 med 17 deltakarar.

FKF har delteke på disse arrangementa i FNV-regi:

Styremøte, Sverige januar 99	Kjærsti E. Gangsø
Seminar om kystkultur, Hirtshals, Danmark	Per Hillesund, Beryl Simonsen, Gunn Jorunn Steinsland
Representantskapsmøte, Finland april 99	Jan Heier Gulbrandsen
Lokal Agenda 21 seminar Gran, Noreg mai 99	Solveig Torgersen, Alf Steinar Nekstad Ingar Arnøy, Kjærsti Gangsø, Sølvi Brække og Jan Heier Gulbrandsen
Representantskap og Itseminar Malmø, Sverige	Kjærsti Gangsø og Vidar Lund
Nordisk Litteratur reise Island september 99	Jan Heier Gulbrandsen

8.2 "Nordisk Handverksforum"

"Nordisk Håndversforum" fekk i 1999 Dkr. 230 000 i støtte frå Nordisk Ministerråd. Målet med dette treårige prosjektet er å skape nettverk og utvikling for å styrke handverket si stilling i Norden.

Prosjektleiar er Trine Thommessen. Det er laga eiga årsmelding for prosjektet.

9 REPRESENTASJON

Tid	Tilskiping	Tilskipar	Frå FKF
Januar			
15	Styremøte NU	NU	Kjærsti Gangsø Jarle Tømmerbakke Solveig Torgersen
16-17	Fdans inst.samling	BLS , Oslo	Jan Heier Gulbrandsen
16-17	Styremøte FNV	FNV	Kjærsti Gangsø
Februar			
12	Styremøte LLH	LLH	Kjærsti

26-28	Fylkessamling	FKF	Solveig Torgersen Per Hillesund Ole Jørgensen Jan Heier Gulbrandsen
Mars			
4	V.o møter	HATS	Jan Heier Gulbrandsen
11	V.o i katalogkomiteen	Oslo HL	Jan Heier Gulbrandsen
12	Leiar møte	Vofo	Solveig Torgersen Kjærsti Gangsø
18	Møte om stoda for fylkestilskotet	Vofo Agder	Kjærsti Gangsø
20	Erfaringsseminar Forbundet KYSTEN	FK	Jan Heier Gulbrandsen
23	Årsmøte	Agder Historielag	Jan Heier Gulbrandsen
April			
9	Medarbeidarkurs	Nordland Husflidslag	Sølvi Brække
16-18	Fagseminar NU Landsrådsmøtet	NU	Kjærsti Gangsø
16-18	Fylkesleiarsamling	NH	Sølvi Brække
16-18	Rep.skap og seminar	FNV	Jan Heier Gulbrandsen
20-22	Seminar	Vofo	Kjærsti Gangsø
21	V.o. info. på møte	Fellesrådet for Historielag i Oslo	Sølvi Brække
23-25	Landsmøte i FK	Forbundet KYSTEN	Kjærsti Gangsø
28	Leiar møte i BLS	NU-Oslo	Jan Heier Gulbrandsen
Mai			
26	Årsmøte	Vofo	Tove Gulsvik Solveig Torgersen Kjærsti Gangsø
28-30	LA21	Seminar FNV	Kjærsti Gangsø Sølvi Brække Jan Heier Gulbrandsen
28-29	Fagseminar	Hordaland UL	Jan Heier Gulbrandsen
Juni			
4-6	Landsmøte i LLH	LLH	Kjærsti Gangsø
Juli			
1-2	Årsmøte NU	NU	Jan Heier Gulbrandsen
22	Medarbeidarkurs	NMU	Jan Heier Gulbrandsen
August			
2-5	Sommarkurs NU	NU	Jan Heier Gulbrandsen
25	Lærarsamling	Oslo FHL	Sølvi Brække
27-29	Kvalitetssikring	Vestfold Husflidslag	Kjærsti Gangsø
27-29	Medarbeidarkurs	FKF Nord- Trøndelag	Sølvi Brække

September			
1-3	Landskonferansen om voksenopplæring	Vofo	Kjærsti Gangsø Sølvi Brække
15	Lokal læringsarena Karmøy	BSF Rogaland	Jan Heier Gulbrandsen
16-19	Representantskapsmøtet FNV og IT seminar	FNV	Kjærsti Gangsø
23	Medarbeidarkurs	FKF Troms	Jan Heier Gulbrandsen
Oktober			
1-3	Landsmøte NH	NH	Sølvi Brække
6	L. læringsarena Levanger	FKF Nord-Trøndelag.	Jan Heier Gulbrandsen
8	Ledermøte	Vofo	Jarle Tømmerbakke Kjærsti Gangsø
22-23	Medarbeidarkurs	NU Nordland	Jan Heier Gulbrandsen
27	Medarbeidarkurs	Akershus FHL	Sølvi Brække
30	Medarbeidarkurs	FKF Sør-Trøndelag	Jan Heier Gulbrandsen
November			
5-6	Medarbeidarkurs	Telemark HL	Sølvi Brække
10	Vo-info lagsmøte	BUL Sarpsborg	Jan Heier Gulbrandsen
26-28	Oppføringspolitisk analyse av handverk i Norden	Nordisk Handverks forum	Jan Heier Gulbrandsen
Desember			
6	Kulturkveld	Tysvær HL Rogaland	Sølvi Brække
9	V.o. møte	Bærum HL	Sølvi Brække

Folkekulturforbundet

Studieforbund for:

- Forbundet KYSTEN
- Hålogaland Amatørteaterselskap
- Kringkastingsringen
- Landslaget for Lokalhistorie
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norges Husflidslag
- samarbeidsavtale med Norges Museumsforbund

Dagleg leiar Kjærsti Gangsø
kjærsti.gangso@folkekultur.no

22 47 70 70

Studiekonsulent Sølvi Brække 22 47 70 71
solvi.brække@folkekultur.no

Studiekonsulent Jan Heier Gulbrandsen 22 47 70 72
jan.gulbrandsen@folkekultur.no

**Søk våre heimesider
for informasjon og skjema:**

www.folkekultur.no

P.B. 272 SENTRUM 0103 OSLO BESØKSADRESSE: KIRKEGATA 32
TLF.22 47 70 70 /71/72 FAKS.22 47 70 75 ORGANISASJONSNR. 977 275 490